

**Sunnhordland kammerorkester
Prosjekt våren 2016**

**"Ungdom i Sunnhordland framfører Requiem i c-moll av Johan Michael Haydn for kor, solistar og orkester"
Samarbeidsprosjekt mellom Sunnhordland kammerorkester og Musikklinja ved Stord vidaregåande skule**

Sunnhordland kammerorkester og Musikklinja ved Stord vidaregåande skule har kvart 3. år eit stort samarbeidsprosjekt. Denne våren er det Requiem i c-moll av Johan Michael Haydn som står på programmet.

Det blir to konsertar, den første laurdag 12. mars i Nysæter kyrkje på Stord og den andre søndag 13. mars i Bremnes kyrkje på Bømlo.

Ei av målsettingane med prosjektet er at ungdomane som er med skal få oppleva arbeidet med, og framføringa av eit større, klassisk verk for kor, orkester og solistar. I tillegg ønskjer ein at publikum i Sunnhordland skal få høve til å oppleva og høyre større klassiske verk. Det skjer alt for sjeldan her i vår region, men med gode samarbeidsprosjekt er det mogleg. Dette samarbeidet mellom Kammerorkesteret og Musikklinja har vore tradisjon i mange år, og er eit samarbeid til gjensidig glede både for orkesteret, elevane på musikklinja og publikum.

For å få prosjektet i hamn må det i tillegg til dirigent leigast inn både solistar og ekstra musikarar. Elevane frå Musikklinja utgjør først og fremst koret, men nokre av elevane og lærarar frå Musikklinja sit i orkesteret på blås og slagverk. Det er omlag 100 aktørar med på prosjektet. Dirigent er Lars-Erik ter Jung som kjem frå Oslo.

Solistar er :

Sopran: Maria Therese Bersaas. Ho kjem frå Stord, men bur no i Oslo.

Alt: Synnøve Tollaas. Jobbar som songlærar og kordirigent på Musikklinja på Stord.

Tenor: Arne Kvarven. Han kjem frå Bømlo, men bur no i Bergen.

Bass: Knut Stiklestad. Profesjonell songar busett i Alvdal

Koret og orkesteret har øvd kvar for seg, første fellesøving var 06.02

Prosjektet har desse samlingane:

Fredag	22.01	16.30 - 20.15	Øving orkester
Lørdag	23.01	09.30 - 14.00	Øving orkester
Fredag	05.02	16.30 - 20.15	Øving orkester
Lørdag	06.02	09.30 - 14.00	Øving kor og orkester
Fredag	04.03	16.30 - 20.15	Øving kor og orkester
Lørdag	05.03	09.30 - 14.00	Øving kor og orkester
Fredag	11.03	16.30 - 20.15	Øving kor og orkester og solistar
Lørdag	12.03	11.00 - 15.00	Øving + Konsert kl. 18.00 i Nysæter kyrkje
Søndag	13.03	12.00 - 16.00	Øving + Konsert kl. 17.00 i Bremnes kyrkje

BUDSJETT

UTGIFTER:

Honorar dirigent	35.000,-
Reise, opphold, diett dirigent	15.000,-
Honorar solister	24.000,-
Reise, opphold, diett solister	10.000,-
Honorar innleide musikere	35.000,-
Reise, opphold, diett innleide musikerer	10.000,-
Husleie Nysæter og Bremnes kyrkje	10.000,-
Noter (orkester)	2.000,-
Program/plakater	2.000,-
Annonser	8.000,-
Blomster, diverse adm.utg	<u>2.000,-</u>

Sum utgifter 153.000,-

INNTEKTER:

Billettinntekter	65.200,-
Tilskot frå Fylket	20.000,-
Tilskot frå Stord kommune (underskotsgaranti)	10.000,-
Tilskot frå Bømlo kommune	10.000,-
Tilskott frå Kvinnherad kommune	2.800,-
Frifond /VO midlar/Grasrotmidlar	16.000,-
Sponsorer/annonsører	<u>29.000,-</u>

Sum inntekter 153.000,-

Merknad til inntekter:

Regnskapet er ikke klart enda men disse tallene vet vi:

- Billettinntektene blei 65.200,-
- Sponsorinntektene blei 29.000